

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
097/16	Formannskapet	PS	25.08.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 026	14/587

Selskapsavtale for IKA Hordaland - Endringar

Vedlegg:

Endring av selskapsavtalen for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS(62695)

Selskapsavtale pr. 01.08 2016(11435)(62694)

Signert dokument rep.møte 2016(11417)(11438)(62697)

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.

Formannskapet - 097/16 - 25.08.2016

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.

Saksopplysninger:

Bakgrunn:

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart organisert som et IKS i 2002. I 2015 hadde selskapet 32 eigarar. Eigarkommunane hefter for ein eigarandel etter ein fordelingsnøkkel vedteke på representantskapsmøte i 2002 samt gjort gjeldande frå 1.1.2003. Eigardelen til den enkelte kommune, er beskrevet i selskapsavtalen sin § 5, Tilskotsplikt og eigarandel.

I følgje selskapsavtalen § 5, skal eigardelane justerast kvart fjerde år som eit resultat av endringar i folketal, betalt innskot, samt ved inn- og utmelding slik at det er samsvar mellom kommunestorleik og eigarandel i selskapet. Det har i tida fram til 31.12.2014, ikkje vore

endringar i folketal, betalt innskot eller utmelding frå selskapet, som kravde at eigardelane og selskapsavtalen laut endrast. Etter 31.12.2014 fekk tre eigarkommunar endra sin eigardel som følgje av endringar i folketal. Desse er Fitjar, Radøy og Sveio.

Etter 2015 er det difor ikkje er samsvar mellom folketal og eigardel i IKAH. Med dette som utgangspunkt, samt tilbakemelding frå ein eigarkommune om å utarbeide ein ny fordelingsnøkkel som betre gjenspeglar kommunestorleiken, fremjar Representantskapen i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS framlegg om følgjande:

Representantskapen vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2017 med atterhald om godkjenning i kommunestyra. Representantskapen gjev styret i oppdrag å førebu saksframlegg til dei enkelte kommunestyra.

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

Representantskapen vedtok i møte den 27.04.16 at det skal fremjast sak til ordinært representantskapsmøte i 2017 om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik. Vedtaket var einstemmig.

Økonomiske konsekvenser

For eigarane har endringa av selskapsavtalen ingen direkte økonomisk konsekvens, utover det ein ytte i tilskot pr. 01.01.2016, samt det som er vedteke av Representantskapen for 2017.

Representantskapen har gjort vedtak om at det skal fremjast sak til om ny fordelingsnøkkel og eigardel, som betre gjenspeglar kommunestorleik. Saka skal leggjast fram til ordinært representantskapsmøte på Solstrand 25 april. 2017.

Konsekvensar av eit negativt vedtak

Ifølgje lov om interkommunale selskap § 4 skal endringar i selskapsavtalen, mellom anna

endringar i eigardelane, godkjennast i alle eigarane sine kommunestyre.

Ein endra selskapsavtale for IKA Hordaland, er ikkje gyldig før alle eigarar sitt øvste politiske organ gjer eit likelydande positivt vedtak og Brønnøysundregistrene har skrevet firmaattest.

Skulle eit av kommunestyra ikkje godkjenne ny selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2017, vil den gamle selskapsavtalen framleis gjelde, men ein vil då ikkje lenger ha samsvar mellom eigarandel og folketal i kommunen.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre godkjenner selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 01.01.2017.